



Notat

Dato: 24.08.2016
Arkivsak: 2015/11453-44
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Utkast til rapport - Lokal gastronomi

NOKUT har pr 30.06.2016 sendt utkast til rapport i høve til eventuell godkjenning av fagskuletilbodet Lokal gastronomi ved Bergen tekniske fagskole. NOKUT finn dei grunnleggjande føresetnadene for å søkje fagskuleutdanning som godkjent, men sakkunnig komité tilrår at utdanninga ikkje vert godkjent. Sakkunnig komité meiner at det må gjerast omfattande endringar i studieplanen for at denne skal verte godkjent, og på bakgrunn av det tilrår NOKUT at skulen trekkjer søknaden. Bergen tekniske fagskole har valt å trekkje søknaden for å gjere naudsynte forbetringar og endringar i studieplanen. Skulen ønskjer å søkje på nytt innan søknadsfristen 1. mars 2017. Utkast til rapport følgjer under.